

Fra: Kari <kari.fluge@hotmail.com>
Sendt: 21. september 2014 16:53
Til: NVE
Emne: Høyringsssvar frå Kari Fluge og Øyvind Stavøstrand - utbygging av Jølstra

Høyringsssvar frå grunneigar Kari Fluge og Øyvind Stavøstrand, Vassenden i Jølster.

Gardsnr. 59, bruksnr. 26, 24, 11 og 7.

Det er mange bekymringar som reiser seg rundt ei vidare utbygging av elva Jølstra.

Vi bur i eit naturskjønt område der Hjellbrekke-elva møter Jølstra og dannar ei roleg lon som også heiter Lona. Vi eig også den største øya i dette området, Høgøyna (bruknr. 11). Heile eigendomen grensar på den eine sida mot riksveg. 39 og på andre sida mot Lona. Vi har vasslinje langs heile hagen på ca 300 meter mot elva.

Det er den flotte beliggenheten som skapar verdien på eigendomen. Utbygging av Jølstra vil dermed ha enorme konsekvensar for denne eigendomen og våre liv. Vi som grunneigarar går ikkje med på at elva Jølstra skal vidare utbyggast, den gir allereie produksjon av elkraft med anlegga som fins. Vi har på alle måtar stor glede av elva og brukar den mykje. Trivselsverdien for oss som bur her vil bli kraftig påverka av utbygging.

Elva er svært låg i tørre periodar, vassstanden har heile dette året lege på 50-60 cm, og vi er dermed uroa for at ein endå lågare vasstand vil lage ei stor mudderflate som med tida kan gro att. Verdien på vår eigendom vil gå kraftig ned som ei følge av endra vasstand.

Vi som bur tett på elva heile året, ser at det er lange periodar med naturleg lite vatn i elva og vi har ikkje råd til at den blir endå mindre. Det er kun i vårflaumen at vasstanden kan kallast høg. Vi vert svært bekymra for aurefisket då Lona også er ein gyteplass for aure og dette vil bli påverka av vassendringar. Vi har alltid fiska frå denne eigendomen og ser at dette blir vanskeleg hvis det blir endå mindre vatn i elva.

Vi er også uroa for det rike fuglelivet som alltid har eksistert i og langs denne elva. Her fins mange hekkeplassar og desse kan forsvinne når elva vert endra. Vi har ulike typar ender, måkar, hegre, gjess, svaner, tjeld, vipe, spove, bekkasin og fossefall - det ville vere ein tragedie om desse skulle forsvinne.

Ei anna side ved saka er at det kjem illelukta, brunt tilsig frå byggefeltet på andre sida av vegen - som renn rett ut i Lona under tomte vår. Vi veit ikkje heilt kva dette er, men det kjem eit jamnt tilsig. Elva vaskar dette bort ved normal vasstand - men kva vil skje hvis elva stilnar og dette hopar seg opp rett utanfor husa våre? Jølstra tek også med seg mykje av slammet som kjem, mest med vårløysinga, frå Hjellbrette-elva. Vi fryktar at dette vil bygge seg opp og lage eit sump-område med algevekst i Lona når vassføringa blir for lita.

Elva gir grunnlag for mange gode verdiar - med årstidenes skiftningar driv vi og mange andre i bygda, inkludert turistane, med fiske, kanopadling, bading, rafting, elvekajak, turgåing - og skøytegåing på vinterstid. Ei utbygging av elva vil kraftig forringe kvaliteten på området og for heile kommunen og gå ut over mange menneske si glede over dei vakre omgjevnadane. Desse verdiane vil aldri kunne kompensast med pengar og vi anar ikkje rekkevidda av konsekvensane ved ei slik utbygging.

Og til slutt:

Kvifor seie ja til utbygging i ei tid med kraftoverskot - ei utbygging som er avhengig av grøne elsertifikat for å vere lønsam, når konsekvensane ved utbygging er så store?

Mvh

Kari Fluge og Øyvind Stavøstrand.